



Den positive k s r Dag Helland

Ein festk s r er ofte prega av syrleg sarkasme, men det var ikkje Dag Helland d  han i ettermiddag k serte for 250 eldre i Kulturhuset p  Husnes, Professoren som er fr  Valen men som bur store delar av  ret i Beinavikjo i Uskedalen, gjorde eit streiftog gjennom Kvinnherad slik han har opplevd kommunen sidan starten p  1960-talet og hadde ein gjennomg ande konklusjon som var positiv. - Det er ein god kommune, slo han fast og dei mange som deltok i den  rlege markeringa av Eldredagen var tydelegvis same..



Sindre Aksnes frå Uskedalen er mest kjend som trommeslagar men her erhan i ei ny rolle - som servitør

Helland, som no er 67, fortalde om barndom og oppvekst og sa mellom anna at Svein Sunde var den beste lærar han hadde hatt.

Han reiste heimafrå for å ta til i gymnaset på Voss i 1961.

Kåsøren tykte utviklingen har vore positiv på mange sektorar og var ikkje minst imponert over den sosiale omsorgen og det som har skjedd på helsesektoren, Her la han vekt på personlege erfaringar..Også politikken som er ført hadde han godord om og han sneia innom sporten og pressen i positive vendingar.



[Ein konsertbolk innleia festen](#)

Endog den nettavisa som du no les hadde han mykje til overs for og oppfatta ho som framtidsretta.

Han rosa også næringslivet og håpa på ei betre ordning for langtidsleveranse av strøm til nøkkelverksemda Sørøal. Dette var eldredag nummer 8 sidan starten i 2006 og den var ikkje dårlegare organisert enn dei som er avvikla før. Innleiinga ved ei svensk/tysk gruppe med namnet Stømkarlen hadde eit høgt nivå og det hadde også laksemiddagen. Ikkje minst vekte serveringspersonalet positiv oppsikt. Det var andreklassen på idrettslina på Kvinnherad vidaregåande som på denne måten finansierte det meste av utgiftene til ein studietur til Malaga.

Som dei fleste av dei mange tilskipingar som kultursjef Kristian Olav Bringedal leiar hadde også denne innslag av allsong. Dei eldre er flinke songarar også i Kvinnherad, det viste dei også i den innleiande konsertbolken.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Einar og Else Pile frå Uskedalen deltok i festen